



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernområde**

Besøksadresse
Skinnarbu
3661 Rjukan

Postadresse
Postboks 2076
3103 Tønsberg

Kontakt
Sentralbord +47 33 37 10 00
Direkte +47 953 00 640
fmrtpost@fylkesmannen.no

Verneområdestyret for Brattefjell-
Vindeggen landskapsvernområde

Sakshandsamar Kristian Kvaalen Herregården

Vår ref. 2023/3145 - 432.2

Dato 06.06.2023

Innkalling til styremøte 15.06.23

Det vert med dette kalla inn til møte i verneområdestyret.

Tid: Torsdag 15.06.23 kl. 10:00
Stad: Teams

Gje beskjed snarast på 957 93 735 eller krkhe@statsforvalteren.no om du ikkje kan møte.

Saksliste:

- | | |
|-----------|--|
| Sak 8/23 | Godkjenning av innkalling og dagsorden |
| Sak 9/23 | Saksframlegg:
Søknad om bruk av helikopter for transport av materialar og utstyr til Buliodden i Seljord kommune – Sør Restaurering AS |
| Sak 10/23 | Saksframlegg:
Søknad om helikoptertransport i samband med byggetiltak ved Tårånstjønn i Seljord kommune – Rolf Brakstad |
| Sak 11/23 | Saksframlegg:
Handsaming av klage - søknad om motorferdsel i verneområde med ATV på barmark til Systebulii 21/2 i Hjartdal kommune - Torgeir Larsen |
| Sak 12/23 | Saksframlegg:
Søknad om snøskuterløyve for transport av propan, ved, materiale m.m. til Djupetjønn, gnr. 129 bnr. 5 i Tinn kommune – Tinn JFF |
| Sak 13/23 | Referatsaker |
| Sak 14/23 | Eventuelt |
| Sak 15/23 | Neste møte |



Sak 9/23

Søknad om bruk av helikopter for transport av materialar og utstyr til Buliodden i Seljord kommune – Sør Restaurering AS

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er forvaltingsmyndigheit for verneområdet og skal handsame dispensasjonssaker.

Kort om saka

Sør Restaurering AS v/ Tobias Steindal søker om løyve til bruk av helikopter for transport av diverse materialar og utstyr frå Sandsetdammen til Buliodden i Seljord kommune. Grunngevinga er at dei utfører restaurering av tømmerkjerne, golv og vindauge m.m. på lafta bygning på Buliodden for grunneigar Christopher Mostue. Arbeidet vart starta i 2020.

Det vart gjeve løyve til 25 turar fordela på 2021, 2022 og 2021 i vedtak av 03.06.2021, saksnr. 2021/3598-5.

Arbeidet har undervegs blitt meir omfattande en først tenkt, dei har difor behov for ytterlegare 60 løft i år og søker no om løyve til det. Det skal transporterast torv til tak, leire til golv, golvbord, utvendig kledning, stubbegolv, takpapp, sarnafilmembran til tak, taktro, takrenner, vindskier med meir. Fjellfly AS står for flyginga, og flyginga vil skje i eit avgrensa tidsrom helst i byrjinga av juli.

Vedlegg

- Søknad dagsett 19.04.23

Andre relevante dokument, ikkje vedlagde

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.
- Naturmangfaldloven (NML).
- Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde 2017-2027.
- Lov om motorferdsle i utmark og på islagde vatn.
- Forskrift om forbod mot motorferdsel i spesielt sårbare områder i Brattefjell/Vindeggenområdet, Seljord, Hjartdal, Tinn og Vinje kommunar, Telemark.

Det formelle grunnlaget

Verneføremålet i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er å:

- *"Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høg fjell og fjellskogområde.*
- *Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv.*
- *Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne."*

Etter verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er lågtflyging under 300 meter forbode, jf. kap. IV, pkt. 1.3. I kap. 1.4 står det vidare at *"...All motorferdsel skal gå føre seg slik at det ikkje oppstår varig skjemmaende markskader, hjulspor og liknande."*



I Forskrift om forbod mot motorferdsel i spesielt sårbare områder i Brattefjell/Vindeggenområdet, Seljord, Hjartdal, Tinn og Vinje kommunar, Telemark, er all motorferdsle innanfor villreinområdet, definera som det kvite på N 50 kart 1:50.000, forbode i tida 15. april til 1. juli.

Verneområdestyret må særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon i høve til verneføremålet og verneverdiane i området. Dette går òg fram av § 7 i naturmangfaldlova, som seier at prinsippa i §§ 8-12 i lova skal leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg myndigheit. I § 8 i lova (om kunnskapsgrunnlaget) går det fram at offentlege avgjerder som rører ved naturmangfaldet skal byggje på vitskapeleg kunnskap om bestandssituasjonen for ulike arter, utbreiing og økologisk tilstand av naturtypar, og effekten av påverknader.

Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til sakas karakter og risikoen for å skade naturmangfaldet. Verknadene av eit tiltak skal vurderast ut frå den samla belastinga økosystemet vert utsett for, jf. § 10 (om økosystemtilnærming og samla belastning). Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknader eit tiltak kan ha på naturmiljøet, skal føre-var prinsippet leggjast til grunn, jf. § 9, slik at ein ikkje gjer vesentleg skade på naturmangfaldet ved at ein tek ei avgjerd på eit for dårleg kunnskapsgrunnlag.

I følgje naturmangfaldlova § 11 er det tiltakshavar som skal dekkje kostnadene ved å hindre eller avgrense skade som det aktuelle tiltaket vil gjera på naturmangfaldet, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I tillegg skal det etter naturmangfaldlova § 12 takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering av tiltaket som ut frå ei samla vurdering av den tidlegare, noverande og framtidige bruken av mangfaldet og økonomiske tilhøve gjev det samfunnsmessig beste resultatet.

§ 48 i NML omhandlar dispensasjon frå vernevedtak. Paragrafens fyrste ledd seier at *"Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig."*

Vurdering

Flyruta mellom Sandsetdammen og Buliodden ligg teknisk sett utanfor landskapsvernområdet då Sandsetvatn, saman med andre regulera vatn i Brattefjell-Vindeggen, ikkje er ein del av landskapsvernområdet. Men både startpunkt ved Sandsetdammen og droppunkt på Buliodden er innanfor vernegrensene - nærare bestemt i vernesona. Buliodden er rekna som ein del av reinens vinterbeiteområde.

Ein må vera trygg på at dei verneverdiane som er synleggjort i verneføremålet ikkje vert skadelidande om det vert gjeve løyve til tiltaket, jf. NML §8 (kunnskapsgrunnlaget) og §9 (føre-var-prinsippet).

I denne saka er det spesielt villreinen ein er oppteken av. Vanleg utover sumaren, er at villreinen trekker sørover ned i skogane, men heile vegen langs Sandsetvatn, Langvasstø og Grotvassdalen, samt ved myrane på Sandset, er det vanleg å sjå dyr. Det er difor viktig at det tas omsyn til villreinen når ein skal fly, og skulle det observerast dyr, må flyginga stansast.

Flyginga kjem ikkje i konflikt med anna biologisk mangfald, landskapet eller kulturminne. Tiltaket vil føre til noko auka belastinga flydagane, men elles ikkje, jf. § 10 i NML.

I samband med denne konkrete søknaden meiner verneområdeforvaltaren at vurderingar i høve til §§ 11 og 12 er mindre aktuelle.



Tiltaket kjem inn under pkt. 1.3 som seier at lågtflyging under 300 meter er forbode. Dato og korleis dei inntil 60 løfta blir fordela, er førebels ikkje kjend. Verneområdeforvaltaren meiner det er viktig at flyginga skjer så konsentrera som mogleg.

Eit alternativ til flyging er å bruke båt. Det vil bli meir arbeidskrevjande og også utfordrande med tanke på ganske stor reguleringshøgde i Sandsetvatn.

I denne saka er det snakk om transport av torv til tak, leire til golv, golvbord, utvendig kledning, stubbegolv, takpapp, sarnafilmembran til tak, taktro, takrenner, vindskier med meir i samband med restaurering av eksisterande hytte. Det har ikkje kome søknad om dispensasjon for dette arbeidet. Ut frå vernereglane oppfattar forvaltninga difor at arbeidet dreier seg om vedlikehald utan ombygging og fasadeendring. Normalt innvendig og utvendig vedlikehald som skifte av kledning, vindauge, og anna som ikkje fører til endring av storleik eller fasade, er tillate utan søknad. Sjølv om det skulle dreie seg om utviding og fasadeendring som er unntatt søknad etter PBL § 20-5, så krevjast det dispensasjon etter verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen.

Med bakgrunn i at tiltaket/aktiviteten vurderast som forbigåande og av ein slik art at det ikkje vil påverke dei biologiske og/eller kulturelle verdiane når naudsynt omsyn til villrein blir tatt, og heller ikkje i anna form vil ha ei varig påverknad for vernet, vurderast det som greitt å gje dispensasjon frå vernevedtaket etter NML § 48. Det er likevel viktig å ha kontroll på om det er villrein i området når det skal flygast, og at det blir tatt omsyn til dyra.

Framlegg til vedtak:

Verneområdeforvaltar godkjenner søknad om helikoptertransport frå Sandsetdammen til Buliodden i Seljord kommune. Løyvet gjeld for inntil 60 helikopterhiv sommaren 2023. Løyvet er gjeve med heimel i NML § 48.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Flyginga skal skje mellom 1. juli og 15. august i 2023. Ein ser helst at flyginga skjer så konsentrera som mogleg
- Verneområdeforvaltar eller SNO skal varslast om flydag seinast 2 dagar før det skjer.
- Er det villrein i området skal flyginga stansast, og aktiviteten skal utsettast til dyra har trekt unna.
- Søkjaren er sjølv ansvarleg for å hente inn andre løyve. Denne dispensasjonen er berre gjeve etter verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.
- Ei føresetnad for løyvet er at byggearbeidet er innanfor krava forvaltningsplanen stiller til søknadsfritt vedlikehald av eksisterande hytte.

Det kan klages til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til direktoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt Sør Restaurering AS v/ Tobias Steindal.

Kopimottakarar:

- Seljord kommune
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell

Kopi av vedtaket vil òg bli lasta opp i Miljøvedtaksregisteret.



Sak 10/23

Søknad om helikoptertransport i samband med byggetiltak ved Tårånstjønn i Seljord kommune – Rolf Brakstad

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er forvaltingsmyndigheit for verneområdet og skal handsame dispensasjonssaker.

Kort om saka

Det vert søkt om helikopterløyve for transport av materiell og utstyr i samband med bygging av hytte ved Tårånstjønn gnr. 138 bnr. 12 i Seljord kommune. I vedtak av 23.03.23 (2023/1524-1), var det gjeve løyve til oppføring av ny fritidsbustad som erstatning for eksisterande bygning som skal byggast om til uthus. Det er i samband med dette tiltaket at det no søkjast om løyve til helikoptertransport.

Søkjær tenker at transport skal gjennomførast 5. juli 2023. Avtale med aktuelle grunneigarar er godkjent og på plass. Det er ca. 2,5 km i luftlinje frå lasteplass til mottaksstad. Naboar er også varsla, slik at parkerte bilar osv. ikkje blir noko problem. Dei er usikre på kor mange hiv som trengs, men trur at alt skal vere unnagjort på under 2 timar.

Vedlegg

- Søknad dagsett 24.05.23 (2023/5873-1).

Andre relevante dokument, ikkje vedlagde

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.
- Naturmangfaldloven (NML).
- Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde 2017-2027.
- Lov om motorferdsle i utmark og på islagde vatn.
- Forskrift om forbod mot motorferdsel i spesielt sårbare områder i Brattefjell/Vindeggenområdet, Seljord, Hjartdal, Tinn og Vinje kommunar, Telemark.

Det formelle grunnlaget

Verneføremålet i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er å:

- *"Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogområde.*
- *Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv.*
- *Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne."*

Etter verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er lågtflyging under 300 meter forbode, jf. kap. IV, pkt. 1.3. I kap. 1.4 står det vidare at *"...All motorferdsel skal gå føre seg slik at det ikkje oppstår varig skjemmaende markskader, hjulspor og liknande."*

I Forskrift om forbod mot motorferdsel i spesielt sårbare områder i Brattefjell/Vindeggenområdet, Seljord, Hjartdal, Tinn og Vinje kommunar, Telemark, er all motorferdsle innanfor villreinområdet, definera som det kvite på N 50 kart 1:50.000, forbode i tida 15. april til 1. juli.

Verneområdestyret må særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon i høve til verneføremålet og verneverdiane i området. Dette går òg fram av § 7 i naturmangfaldlova, som seier at prinsippa i §§ 8-12 i lova skal leggast til grunn som retningsliner ved utøving av offentlig myndigheit.



Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde

I § 8 i lova (om kunnskapsgrunnlaget) går det fram at offentlege avgjerder som rører ved naturmangfaldet skal byggje på vitskapeleg kunnskap om bestandssituasjonen for ulike arter, utbreiing og økologisk tilstand av naturtypar, og effekten av påverknader.


Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til sakas karakter og risikoen for å skade naturmangfaldet. Verknadene av eit tiltak skal vurderast ut frå den samla belastinga økosystemet vert utsett for, jf. § 10 (om økosystemtilnærming og samla belastning). Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknader eit tiltak kan ha på naturmiljøet, skal føre-var prinsippet leggjast til grunn, jf. § 9, slik at ein ikkje gjer vesentleg skade på naturmangfaldet ved at ein tek ei avgjerd på eit for dårleg kunnskapsgrunnlag.

I følgje naturmangfaldlova § 11 er det tiltakshavar som skal dekkje kostnadene ved å hindre eller avgrense skade som det aktuelle tiltaket vil gjera på naturmangfaldet, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I tillegg skal det etter naturmangfaldlova § 12 takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering av tiltaket som ut frå ei samla vurdering av den tidlegare, noverande og framtidige bruken av mangfaldet og økonomiske tilhøve gjev det samfunnsmessig beste resultatet.

§ 48 i NML omhandlar dispensasjon frå vernevedtak. Paragrafens fyrste ledd seier at *"Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig."*

Vurdering

Flyruta mellom parkering ved Rindenuten og Tåråntjønn ligg stort sett utanfor landskapsvernområdet, men innanfor eit lite stykke heilt i sør-vestre delen av verneområdet.



Kartutsnitt som syner flytraseen.

Ein må vera trygg på at dei verneverdiane som er synleggjort i verneføremålet ikkje vert skadelidande om det vert gjeve løyve til tiltaket, jf. NML §8 (kunnskapsgrunnlaget) og §9 (føre-var-prinsippet).

Eigedomen ligg sør-vest i verneområdet og i definert villreinområde, men ikkje innanfor definert vinterbeite eller kalvingsområde i forvaltningsplanen. Området er likevel å rekne som eit viktig habitat, noko som GPS-data henta frå dyreposisjonar underbygger. Særleg syner GPS-data at villreinen nyttar området i tida rett etter kalving (mai/juni). I dette høve har ein vore føre-var med tanke på omsynet til villreinen som nyttar området i mai/juni, ved at eit av vilkåra i vedtak om bygging er at arbeidet ikkje kan startast opp før etter 1. juli.



Det er ingen kjende natur- eller kulturverdier som blir påverka av tiltaket, og forvaltaren kan heller ikkje sjå at verneverdiane for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde blir negativt påverka i nokon særleg grad. Ein vil sjølvsagt få litt meir støy og uro på staden under sjølve transporten og arbeidet, men dette vil skje i eit avgrensa tidsrom og dermed vere forbigåande. Skulle det vere villrein på staden på denne tid, så skal transport og/eller bygging stanse opp. Det er eit viktig vilkår at det tas omsyn til villreinen når slik aktivitet skal gjennomførast.

Flyginga kjem ikkje i konflikt med anna biologisk mangfald, landskapet eller kulturminne. Tiltaket vil føre til noko auka belastinga flydagane, men elles ikkje, jf. § 10 i NML.

I samband med denne konkrete søknaden meiner verneområdeforvaltaren at vurderingar i høve til §§ 11 og 12 er mindre aktuelle.

Tiltaket kjem inn under pkt. 1.3 som seier at lågtflyging under 300 meter er forbode. Tal på helikopterhiv som trengs denne aktuelle dagen er førebels ikkje kjend. Verneområdeforvaltaren meiner det er viktig at flyginga skjer så konsentrera som mogleg, noko som er sannsynleg då søkjar har satt av ein dag til å utføre transporten.

Med bakgrunn i at tiltaket/aktiviteten vurderast som forbigåande og av ein slik art at det ikkje vil påverke dei biologiske og/eller kulturelle verdiane når naudsynt omsyn til villrein blir tatt, og heller ikkje i anna form vil ha ei varig påverknad for vernet, vurderast det som greitt å gje dispensasjon frå vernevedtaket etter NML § 48. Det er likevel viktig å ha kontroll på om det er villrein i området når det skal flygast, og at det blir tatt omsyn til dyra.

Framlegg til vedtak:

Verneområdeforvaltar godkjenner søknad om helikoptertransport frå lastestad nordvest for Rindenuten til hytte ved Tåråntjønn, gnr. 138 bnr. 12 i Seljord kommune. Løyvet gjeld for transport av materiell og utstyr i samband med byggetiltak. Løyvet gjeld for ein dag, 5. juli 2023. Løyvet er gjeve med heimel i NML § 48.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Flyginga skal i utgangspunktet gjennomførast 5. juli 2023. Viss det av ulike grunnar ikkje kan gjennomførast denne dagen, kan det gjerast ein annan dag same veke etter avtale med forvaltar.
- Verneområdeforvaltar eller SNO skal varslast om flydag seinast 2 dagar før det skjer.
- Er det villrein i området skal flyginga stansast, og aktiviteten skal utsettast til dyra har trekt unna.
- Søkjaren er sjølv ansvarleg for å hente inn andre løyve. Denne dispensasjonen er berre gjeve etter verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Det kan klages til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til direktoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt til Rolf Brakstad.

Kopimottakarar:

- Seljord kommune
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell

Kopi av vedtaket vil òg bli lasta opp i Miljøvedtaksregisteret.



Sak 11/23

Handsaming av klage - søknad om motorferdsel i verneområde med ATV på barmark til Systebulii 21/2 i Hjartdal kommune - Torgeir Larsen

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er forvaltingsmyndigheit for verneområdet og skal handsame dispensasjonssaker.

Kort om saka

Torgeir Larsen søkte i januar 2023 verneområdestyret om løyve til motorferdsle med ATV i samband med køyring til hytte på eiga eigedom på 21/2 Systebulii i Hjartdal kommune. Eigedomen er på ca. 4000 daa og Larsen er sjølv grunneigar.

Det vart søkt om løyve til å bruke ATV med belte om vinteren, og vanleg hjulgående på barmark. Det er skutertrasé godkjend i forvaltningsplanen heilt fram til hytta han eig. Søkjar grunngjev behovet med transport av funksjonshemma til hytte og elles transport av ved og utstyr.

Søkjar har tidlegare hatt løyve frå Hjartdal kommune og verneområdestyret for køyring med ATV etter den same traseen som det no er søkt om. Verneområdestyret ga løyve til motorferdsel med ATV med heimel i NML § 48 i sak 28.19, ref. 2019/1708-432-2. Løyvet gjaldt fram til 31.12.19.

Historikk: Løyvet som vart gjeve frå verneområdestyret vart seinare omgjort, og oppheva av Miljødirektoratet i brev 07.05.2020 – og søknaden om motorferdsle på barmark vart avslått då vedtaket vart rekna som ugyldig (ref. 2019/9258).

Verneområdestyret handsama søknaden i styremøte 23.03.23, og det vart vedtak om avslag på søknaden. Grunngjeving for avslag var at forvaltingsmynde vurderer det slik at søkjars behov og føremål med barmarkstransport med ATV ikkje er tilstrekkeleg for at det kan gjevast løyve til slik motorferdsle som det søkjast om. Det er strenge krav til barmarkstransport etter «særlege behov» i motorferdselslova, mellom anna at behovet ikkje skal kunne dekkast på annan måte. I dette høve vurderast det slik at transportbehovet til søkjar kan dekkast med køyring etter godkjent køyretrase vinterstid, med løyve frå kommunen.

Søkjar har i brev dagsett 21.04.23 klaga på vedtaket om avslag på søknad innanfor klagefristen, og det er klaga som no skal handsamast av verneområdestyret.

Vedlegg

- Søknad dagsett 02.01.23 (2023/22 – 1).
- Vedtak av 23.03.23 (2023/22-2).
- Klage på vedtak, dagsett 21.04.23 (2023/22-3).

Andre relevante dokument, ikkje vedlagde

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde
- Naturmangfaldlova (NML)
- Forvaltningsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde 2017-2027



- Forskrift om forbod mot motorferdsel i spesielt sårbare områder i Brattefjell/Vindeggenområdet, Seljord, Hjartdal, Tinn og Vinje Kommunar, Telemark

Vurdering av klage

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er forvaltningsmyndigheit for verneområdet og skal handsame dispensasjonssaker og eventuelle klager på vedtak, jamfør forvaltningslova § 33. Miljødirektoratet er klageinstans.

Oppsummering og samanfatning av klage på verneområdestyrets vedtak av 23.03.23 på søknad om motorferdsel i verneområde med ATV på barmark til Systebulii 21/2 i Hjartdal kommune:

Klager ønsker godkjent totalt 4 turar på barmark i året frå parkering på Hundemyr til Systebulii med adresse Nåpåtjønn 1. Klagar skriv at Hjartdal kommune har allereie godkjent søknaden om ATV på snøføre med belter frem til 2027.

Klagar ynskjer moglegheita til å køyre inn til hytta etter 1. juli og ynskjer eit minimum på 4 turar per kalenderår. Det er totalt 5 kilometer inn til hytta og det er vanskeleg å frakte materialar utan ATV. Det vil seie beis/maling på grunn av temperatur, og anna uføresett vedlikehald som ikkje er synleg under vinterhalvåret.

Klagar skriv at det i vedtaket kjem fram at det ikkje er gjort nokon undersøkingar av oppmerka trase inn til hytta, og understrek her at det er køyrd i samsvar tidlegare godkjenningar i mange år. Vegen er ein traktorveg som går på steingrunn heilt inn til hytta. Klaga har i klagebrevet vedlagt 5 bilete som syner traktorvegen.

Vidare skriv klagar at vedtaket bør vurderast på nytt slik at han og hans familie kan få bruke og vedlikehalde familiehytta. Det er også utfordrande å bruke hytta i samband med jakt på hausten, då dei ofte oppheld seg der i lengre periodar og har behov for artiklar, forsyningar m.m.

Det påpeikast av klagar at det i verneområdestyrets vedtak ikkje er ønskeleg å opne for ein «slik uheldig praksis». Klagar meiner at det her er snakk om å få moglegheit til å bruke og vedlikehalde si eiga familiehytte som har vorte nytta i generasjonar. Det er og berre ei annan hytte som ligg i Systebulii som dette også kan gjelde.

Klagar skriv at han sjølv sagt ynskjer kome verneområdestyret i møte og at han sjølv har stor respekt for naturen og verneområdet. Som grunneigar er det også hans ynskje om minst mogleg slitasje og skade på naturen. Ved at oppmerka trase/traktorveg vert nytta og køyringa vert halde til eit minimum, ser klagar ikkje nokon terrengskadar.

Klagar nemner og avslutningsvis at det er ein sjølvfølge at:

- Dersom det blir observert villrein, skal kjøringen stanses umiddelbart.
- Motorferdsel innenfor kalveområde er forbudt frå 1. april til 1. juli.
- Motorferdsel innenfor vinterbeiteområde er forbudt fra 15. april til 1. juli.

Forvaltningsmyndigheita si vurdering av klage:

Forvaltninga av verneområdet skal fylgje verneforskrifta og føringar i forvaltningsplan ved sakshandsaming.



For forvaltingsmynde er det først og fremst verneforskrifta og forvaltingsplan som ligg til grunn for handsaminga. Det er likevel relevant innanfor verneområdet at *Forskrift om motorferdsel i utmark og på islagte vassdrag rundskriv T-1996-1*, presiserer at det etter § 6 skal stillast strenge krav til både «særlege behov» og at behovet ikkje kan dekkast på annan måte. Praksisen skal vere «spesielt restriktiv» når det gjeld barmarkskøyning og transport med barmarkskøyretøy til hytte bør som hovudregel ikkje tillatast.

Forvaltingsplanen for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde seier mellom anna når det gjeld motorisert ferdslé, at «*all motorferdsel i utmark skal gå føre seg i tråd med lov og forskrifter for motorferdsel i utmark og på islagde vatn. I området som er verna i medhald av naturvernlova/naturmangfoldloven, er det ofte strengare reglar om motorisert ferdslé enn det som følger av motorferdselloven/nasjonal forskrift*». Vidare seier forvaltingsplanen at «*motorferdsel skal gå føre seg etter faste ruter som peikast ut av forvaltningsmyndigheita. All motorferdsel skal gå føre seg slik at det ikkje oppstår varig skjemmande markskader, hjulspor o.l.*»

Forvaltingsplanen seier og følgjande om barmarkstransport i verneområdet; «*Målet er å kanalisere ferdslé for å unngå ei mengd hjulspor i terrenget. Enkle sleper til stølar som er i drift kan tillatast, men berre etter godkjenning av verneområdestyret. Desse rutene er fastsett gjennom denne planen (sjå vedlegg og tekstforklaring.)*»

Klagar skriv i klaga, som i søknaden, at føremålet med transporten er at han ynskjer moglegheita til å kome til hytta etter 1. juli og at det er vanskeleg å frakte materialar, måling og liknande i samband med diverse uføresett vedlikehald som ikkje synast vinterstid. Føremålet med transporten er altså i hovudsak bruk og generelt vedlikehald av hytta. Det vert og presisert i klaga at køyretraseen fylgjer ein traktorveg på steingrunn heilt inn til hytta. Det er i klaga lagt ved fleire bilete som syner køyretraseen.

Klagar skriv og at det i dette høve er snakk om å ha moglegheita til å bruke og vedlikehalde si eiga familiehytte som har vorte brukt i generasjonar. Slik forvaltningsmyndigheita ser det og vurderer saka, vil klagar m/ familie framleis kunne bruke og vedlikehalde hytta sjølv om det ikkje vert gjeve løyve til ATV-transport. Klagar har eit godkjent skuterløyve frå kommunen til transport av utstyr, ved, proviant, materialar og liknande som kan transporterast inn vinterstid. Forvaltinga er difor av den oppfatning at føremålet med barmarkstransporten i dette høvet ikkje er tilstrekkeleg sterkt, og kan dekkast på andre måtar. Rein persontransport med ATV på barmark i verneområdet er ikkje tillate, sjølv om det er tale om transport langs ei slepe/traktorveg. Den aktuelle hytta er ikkje å rekne eller definere som ein støl som er i drift, jf. bestemmingar i forvaltingsplanen. Køyretraseen inn til hytta er heller ikkje definert som ei fast rute som er peika ut av forvaltningsmyndigheita, med unntak av uttransport av felt elg og hjort på delar av traseen.

Som det også vart påpeika i tidlegare handsaming av saka, så har ikkje forvaltningsmyndigheita i dette høve heimelsgrunnlag for å kunne gje løyve til ATV-transport som det søkjast om.

Verneområdeforvaltinga meiner at det er ekstremt viktig at ein held fast på ei restriktiv forvaltningspraksis der omsyn til forstyrning og køyreskader skal gå framfor det meste anna, for å unngå ei for høg samla belastning på natur- og dyreliv i området. Med mål om å halde motorferdsle på eit lågast mogleg nivå, vil det sitte langt inne å gje løyve også til barmarkstransport i slike høve. Det er ikkje praksis å innvilge søknadar om barmarkstransport i verneområdet der behovet ikkje er tilstrekkeleg sterkt, og kan dekkast på andre måtar.



Forvaltingsmynde kan ikkje sjå at klaga inneheld nye vesentlege moment som taler for ei omgjerung av verneområdestyrets vedtak av 23.03.23. Etter å ha vurdert klaga i sin heilskap, og vurdert kva som er relevant og eventuelt nye moment i saka, kan ein ikkje sjå nokon grunn til å endre på gjeldande vedtak.

Framlegg til vedtak:

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde kan ikkje sjå at klaga frå Torgeir Larsen inneheld nye vesentlege moment som kan gje grunnlag for å gjera om på vedtaket i verneområdestyret frå 23.03.23.

Vedtaket vert ståande og saka sendast Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.

Vedtaket vert sendt Torgeir Larsen.

Kopi:

- Hjartdal kommune
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell



Sak 12/23

Søknad om snøskuterløyve for transport av propan, ved, materiale m.m. til Djupetjønn, gnr. 129 bnr. 5 i Tinn kommune – Tinn JFF

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er forvaltingsmyndighet for verneområdet og skal handsame dispensasjonssaker.

Kort om saka

Tinn Jeger- og Fiskerforening (Tinn JFF) søker om snøskuterløyve for transport av propan, ved, materiale m.m. til hytte ved Djupetjønn gnr. 129 bnr. 5 i Tinn kommune. Tinn JFF leiger terrenget av Hydro frå og med 01.05.2023. Hytta på Djupetjønn disponerast av Tinn JFF, og vil bli nytta til utleige i samband med jakt og fiske samt fiskekultivering og rypetaksering i området. Tidlegare leigetakar har hatt snøskuterløyve for transport til Djupetjønn, og no søkjast det om tilsvarende løyve for nye leigetakarar.

Det søkast om løyve til nyttetransport etter ei rute frå Fosso ved Maristigen, via Vemorktoppen, Nystaul og Såemsbotn til Djupetjønn, ei strekning på omlag 12 km. Transporten vil skje både utafor og innafør landskapsvernområde. Innafor landskapsvernområde vil transporten skje i vernesona.

Vedlegg

- Søknad med kartskisse, dagsett 26.05.23 (2023/5872-1).

Andre relevante dokument, ikkje vedlagde

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.
- Naturmangfaldlova (NML).
- Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde 2017-2027.
- Lov om motorferdsle i utmark og på islagde vatn.
- Forskrift om forbod mot motorferdsel i spesielt sårbare områder i Brattefjell/Vindeggenområdet, Seljord, Hjartdal, Tinn og Vinje kommunar, Telemark.

Det formelle grunnlaget

Verneføremålet i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er å:

- *"Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høg fjell og fjellskogområde.*
- *Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv.*
- *Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne."*

I verneføresegna for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er utgangspunktet at "Området skal vere verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter.", jf. pkt. 1. Pkt. 1.4 seier at "Motorferdsel skal gå føre seg etter faste ruter som peikast ut av forvaltningsstyresmakta. All motorferdsle skal gå føre seg slik at det ikkje oppstår varig skjemmande markskader, hjulspor ol."



Verneområdestyret må særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon i høve til verneføremålet og verneverdiane i området. Dette går òg fram av § 7 i naturmangfaldlova, som seier at prinsippa i §§ 8-12 i lova skal leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg myndigheit.

I NML § 8 (om kunnskapsgrunnlaget) går det fram at offentlege avgjerder som rører ved naturmangfaldet skal byggje på vitskapeleg kunnskap om bestandssituasjonen for ulike arter, utbreiing og økologisk tilstand av naturtypar, og effekten av påverknader. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til sakas karakter og risikoen for å skade naturmangfaldet.

Verknadene av eit tiltak skal vurderast ut frå den samla belastinga økosystemet vert utsett for, jf. § 10 (om økosystemtilnærming og samla belastning). Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknader eit tiltak kan ha på naturmiljøet, skal føre-var prinsippet leggjast til grunn, jf. § 9, slik at ein ikkje gjer vesentleg skade på naturmangfaldet ved at ein tek ei avgjerd på eit for dårleg kunnskapsgrunnlag.

Etter NML § 11 er det tiltakshavar som skal dekkje kostnadene ved å hindre eller avgrense skade som tiltaket eller aktiviteten vil gjera på naturmangfaldet, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I tillegg skal det etter naturmangfaldlova § 12 takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering av tiltaket som ut frå ei samla vurdering av den tidlegare, noverande og framtidige bruken av mangfaldet og økonomiske tilhøve gjev det samfunnsmessige beste resultatet.

Vurdering

Det søkast om transport av ved med snøskuter etter ei rute frå Fosso ved Maristigen, via Vemorktoppen, Nystaul og Såemsbotn til Djupetjønn, ei strekning på omlag 12 km. Transporten vil skje både utafor og innafor landskapsvernområde. Innafor landskapsvernområde vil transporten skje i vernesona.

I vernesona er relevant mål at «*Vernesona skal oppretthaldast som eit urørt naturområde rikt på biologisk mangfald*» og at «*Ein skal være særleg restriktiv i høve til å dispensere for nye tiltak/anlegg og motorferdsle i vernesona.*»

All motorferdsle skal gå føre seg i tråd med lov og føresegnar for motorferdsle i utmark og på islagde vatn, med dei avgrensingar som ligg i verneføresegna. I områder som er verna i medhald av naturvernlova/naturmangfaldlova, er det strengare reglar for motorisert ferdslé enn det som følgjer av motorferdslelova/nasjonale føresegnar.

I verneføresegna for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde står det i kapittel 4 punkt 1.4 at motorferdsle skal gå føre seg etter faste ruter som peikast ut av forvaltningsstyresmakta, og at all motorferdsle skal gå føre seg slik at det ikkje oppstår varige skjemmaende markskadar, hjulspor og liknande.

I tillegg til føringane for motorferdsle som er beskrive i motorferdslelova og verneføresegnar/forvaltningsplan, er det for område vedtatt ei føresegn om forbod mot motorferdsle i spesielt sårbare områder i Brattefjell-Vindeggen. Punkt 2 i denne føresegna seier at «*All motorferdsle innafor eit område i Vindeggen, Mefjell, Langvasstødalen, Månelibråtet og Ørnenuten(...) er forbode i tida frå 15. april til 1. juli. Hytteigarar innafor området kan gjevast dispensasjon for inntil 3 turar til eiga hytte i tida før 15. april.*» Det er kommunane som er forvaltningsmyndigheit for denne føresegna.



Grunngjeving for søknad om motorferdsle er transport av propan, ved, materiale m.m. til hytta som disponerast ved Djupetjønn. Hytta og området vil bli nytta til utleige i samband med jakt og fiske samt fiskekultivering og rypetaksering i området. Tidlegare leigetakar har hatt snøskuterløyve for transport til Djupetjønn, og no søkjast det om tilsvarande løyve for nye leigetakarar.

Det søkast om løyve til nyttetransport etter ei rute frå Fosso ved Maristigen, via Vemorktoppen, Nystaul og Såemsbotn til Djupetjønn, ei strekning på omlag 12 km. Transporten vil skje både utafor og innafor landskapsvernområde. Innafor landskapsvernområde vil transporten skje i vernesona.

Aktuell køyretrasé i denne saka gjeng delvis innanfor det som er definert som vinterbeiteområde i forvaltingsplanen, og då gjeld punkt 3 i *Forskrift om forbod mot motorferdsel i spesielt sårbare områder i Brattefjell/ Vindeggenområdet, Seljord, Hjartdal, Tinn og Vinje kommunar, Telemark*. Punkt 3 i føresegna gjev høve til inntil 3 turar pr. hytte i tida fram til 15. april.

Man må vere trygg på at dei verneverdiane som er synleggjort i verneføremålet ikkje vert skadelidande om det vert gjeve løyve til tiltaket. Staden der hytta ligg er eit område som villreinen brukar mykje om vinteren, noko som også data frå GPS-halsband på villrein kan underbygge.

Man har kjennskap og grei dokumentasjon av verneverdiane i området. Både når det gjelder natur- og kulturverdiar. Kunnskapen er samla i forvaltingsplanen, og er henta i samband med arbeidet med denne. Botaniske verdiar og kulturverdiar blir ikkje påverka av den køyringa det er søkt om. Derimot vil støy og menneskeleg aktivitet vere forstyrrande for villreinen. Registreringar utført av Norsk villreinsenter syner at villreinen oppheld seg i området gjennom store deler av vinteren. Det er godt kjent kva slags effekt snøskuterkøyning reint generelt har på villreinen. «NVS rapport 5/2010 om villrein og forstyrrelser», fortel mellom anna at frykt-, og fluktavstand typisk er på mellom 500 og 700 meter frå ein snøskuter. Det betyr at reinen vil flykte dersom man kjem nære nok, noko som igjen betyr økt forbrenning og forbruk av næring i ei tid der reinen bør holde seg mest mogleg i ro. Det er difor viktig at vedtak fattast på bakgrunn av dette.

Føre-var-prinsippet i NML § 9 får liten betydning i denne saka, då det er godt kjent kva effekt snøskuterkøyning har på området/villreinen, og då ein ikkje kan sjå usikkerheit i moglege andre negative effektar på verneføremåla.

NML § 11 om avbøtande tiltak og bæring av kostnader får liten verknad i samband med denne saka. Det følgjer av NML § 12 at det skal tas utgangspunkt i miljømessige forsvarlege teknikkar og driftsmetodar for å unngå eller avgrense skade på miljø. I denne saka dreier det seg om tal turar og køyreavstand. Jo færre turar desto betre. Det er difor avgjerande at søkjar nyttar slede med stor kapasitet, og at ein generelt held fokus på å køyre så få turar som mogleg. Vidare er det viktig at søkjar tar omsyn til villreinen dersom den observerast under køyring. Då skal søkjar vente til reinen har trekt seg unna.



Framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev Tinn Jeger- og Fiskerforening løyve til motorferdsle med snøskuter frå Fosso via Vemorktoppen, Nystaul og Såemsbotn til Djupetjønn som søkt og teikna på kart. Løyvet er gjeve med heimel i NML § 48.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Det kan køyrast inntil 3 turar til hytta ved Djupetjønn, gnr. 129 bnr. 5 i Tinn kommune.
- Løyvet gjeld fram til 15. april 2024.
- Det er ikkje høve til persontransport åleine.
- All transport skal skje med slede.
- Observerast villrein, skal køyring stanses. Søkjaren skal ha dialog med SNO /verneområdeforvaltaren om det er villrein i området.

Vedtaket er berre fatta etter verneføresegna for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde og tilhøyrande forvaltningsplan. Søkjar er sjølv ansvarleg for å få andre nødvendige løyve, slik som til dømes grunneigarløyve, løyve etter motorferdslelova, og dispensasjon etter forskrift for motorferdsle i spesielt sårbare område innafor Brattefjell-Vindeggen.

Det er klagerett på avgjerda. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt til Tinn Jeger- og Fiskerforening v/ sekretær Erik Bråthen.

Kopi:

- Tinn kommune
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell

Kopi av vedtaket vil òg bli lasta opp i Miljøvedtaksregisteret.